
Saksnr: 2020/45563-5
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------|-------------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at ein sidan sist rapportering er kome ein god del lenger i forbetningsarbeidet når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 3b, 5, 6 og 7 til første møte i utvalet i 2021 med frist for levering til sekretariatet innan 01.01.2021.

Samandrag

Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved eit tidlegare høve og ved eit tidlegare høve av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, på bakgrunn av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 13.06.2019. I denne saka vert difor kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune invitert til å ta stilling til den tredje oppfølginga av forvaltningsrevisjonen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjever

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Statusrapport 2 - oppfølging forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 27/19 i møte 13.06.2019:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

- 1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak*
- 2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga*
- 3. Gjennomføre risikovurderingar knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga*
- 4. Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator*
- 5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningslinjer, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for*
- 6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha*
- 7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea*
- 8. Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker*
- 9. Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar*
- 10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 07.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved eit tidlegare høve og ved eit tidlegare høve av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune der det i møte i kontrollutvalet 21.04.2020 vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at det sidan sist rapportering er starta opp fleire positive forbetningsprosessar i den nye fylkeskommunen når det gjeld kulturminneforvaltning.*
- 2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 2, 3b, 5, 6 og 7 til møtet i utvalet i oktober 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 28.09.2020.*
- 3. Av tilbakemeldinga må det gå fram dato på kvart punkt for når tiltaka skal setjast i verk slik det går fram av punkt 10 i vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 30.06.2019.*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med revisjonsrapportar blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e.

Rapportering til fylkestinget i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for fylkestinget til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 23.09.2020 frå fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, som inneheld ei fyldig og god orientering om oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen. Av notatet har sekretariatet merka seg som positivt at ein sidan sist rapportering er kome ein god del lenger i forbetningsarbeidet. Punkt 2 i vedtaket er ferdig gjennomført og ein er langt på veg nesten kome i mål med fleire av dei andre punkta. Det er likevel ein del arbeid som gjenstår og det meste skal vera ferdig gjennomført innan utgangen av januar

2021. Dette gjeld for punkta 1, 3b, 5, 6 og 7. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om ny tilbakemelding til første møte i utvalet i 2021.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet merkar seg som positivt at ein sidan sist rapportering er kome ein god del lenger i forbetningsarbeidet når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging for punkta 1, 3b, 5, 6 og 7 til første møte i utvalet i 2021. Frist for levering til sekretariatet vert å sette til 01.02.2021.